Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

NORSK GJENVINNING AS AVD FØRDE
Flovegen 1
Førde 6800

Leikanger, 2. juli 2018

Dykkar ref.:
Tore Sørbø

Vår ref. (oppgi ved svar):
2011/3846

Sakshandsamar:
Toril Marie Mulen

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Øyrane industriområde Førde - Norsk gjenvinning Kontrollnummer: 2018.30.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Tore Sørbø

Andre deltakarar frå verksemda:
Stig Aamelfot
Jon Bjørn Solheim
Thomas Mahler Askheim

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Gøsta Hagenlund

Andre deltakarar frå Fylkesmannen i Hordaland:
Nina Vadøy

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Øyrane industriområde Førde - Norsk gjenvinning (Norsk Gjenvinning AS) 23. februar 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 1 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har ikkje ein kompetanseplan for utvikling og vedlikehald

Merknader:

- Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

2. juli 2018	Nils Erling Yndesdal	Toril M Mulen
dato	fylkesmiljøvernsjef	rådgjevar

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: NORSK GJENVINNING AS AVD FØRDE	
Organisasjonsnr.: 988551880	**Eigd av:** 937270062
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320	

Kontrollert eining

Namn: Øyrane industriområde Førde - Norsk gjenvinning	**Anleggsnr.:** 1432.0001.01
Kommune: Førde	**Fylke:** Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Farlig avfall - mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 18. august 1998	**Sist endra:** 17. februar 2014

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottaksanlegg for farleg avfall.

Inspeksjonste

- Utsleppskontroll
- Farleg avfall: mottakskontroll, journalføring, handtering, lagring, vidarelevering og finansiell sikring
- Internkontroll: avvikssystem, risikovurdering, beredskap
- Løyvet etter forureiningslova

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Norsk Gjenvinning AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Norsk

Gjenvinning AS innan 1. september 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/Toril Marie Mulen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 23. februar 2018. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter ureiningslova er fastsette i ureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Norsk Gjenvinning AS betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men han skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda har ikkje ein kompetanseplan for utvikling og vedlikehald

Avvik frå:

Løyvet datert 17. februar 2014 punkt 3.6 Kompetansekrav

Kommentarar:

Verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal verte auka og halde ved like. Verksemda har ein kompetanseplan som viser status på kompetansen, men har ikkje ein plan for korleis kompetansen skal verte auka og halde ved like.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Drenering av farleg avfall med utslepp til sjø

I 2016 fekk mottak og mellomlager for farleg avfall minimumskrav gitt i vedlegg 4 i avfallsforskrifta kapittel 11. Eit av krava er at utslepp til vatn frå avfallshandteringa ikkje er tillate, jf. punkt 3.

Sidan dette er minimumskrav må verksemda forvente at praksisen med å drenere vatn frå farleg avfall frå oljeutskiljar til sjø må ta slutt og at løyvet blir endra for å stette minimumskrava. Endring i løyvet vil først bli varsla. Fylkesmannen vil ta kontakt for å følgje dette opp.

Industriutsleppsdirektivet (IED)

Alle mottak og mellomlager for farleg avfall som har ein lagringskapasitet på meir enn 50 tonn er omfatta av industriutsleppsdirektivet (IED), jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 1 punkt 5.5. Norsk Gjenvinning AS er omfatta av IED.

Det vil etter kvart bli utarbeidd såkalla BAT[1] - referansedokument (BREF) for kvar enkelt bransje som er omfatta av direktivet. BREF omtaler mellom anna status for teknikkar i sektoren, teknikkar som er vurderte med sikte på å bestemme BAT, og BAT-konklusjonar og eventuelle nye BAT-teknikkar som er under utvikling.

BREF med krav til handtering av avfall vil komme, og kan gje spesifikke krav til enkelte avfallsanlegg. Etter at BAT-konklusjonen er publisert, er det frist på 4 år til at BAT-krava er innarbeidd i løyvet og til verksemda skal kunne halde krava. Det er venta at BAT-konklusjonane for avfallsanlegg kjem i 2018. Fylkesmannen vil då ta kontakt med verksemda for å leggje ein plan for oppfølging av krava.

Denne nettsida gir god oversikt over relevante IED-avgjerder/dokument:
http://eippcb.jrc.ec.europa.eu/reference/

Lagring av avfall på annan eigedom

Verksemda lagrar avfall på eit tilleggsområde. På dette tilleggsområdet har verksemda ein gul rubbhall der det vert mellomlagra EE-avfall og pcb-vindauge før vidaresending.

Verksemda tok kontakt med Fylkesmannen i 2014 og spurte om det var behov for endring av løyvet, sidan verksemda ynskte å bruke dette tilleggsarealet. Tilleggsarealet er utanfor gnr/bnr som er i løyvet. Fylkesmannen svarte i 2014 at det ikkje var trong for å endre løyvet, sidan det er same anlegget og innanfor råma til løyvet. Det vart og presisert at mellomlagringa på tilleggsarealet må inngå i risikovurderinga for verksemda og elles fylgje krava i løyvet.

[1] «Best Available Techniques»

For løyve til mottak- og mellomlagringsanlegg som er gitt av Fylkesmannen før 1. januar 2016 har kravet til finansiell sikkerheit ei overgangsordning på to år, fram til 1. januar 2018, jf avfallsforskrifta § 11-18. Fylkesmannen har difor gjort ei ny vurdering og kome til at løyvet må endrast. Vi ber verksemda søkje om oppdatering av løyvet slik at det er i tråd med arealet som verksemda disponerer.

Lagringstid for farleg avfall
Verksemda har krav til maksimal lagringstid i løyvet på 6 månader til vanleg, men kan lagre nokre avfallstypar inntil 1 år dersom samla mengd av desse typane ikkje overstig 2 000 kg, jf. løyvet datert 17. februar 2014 punkt 3.4 Farleg avfall. Fylkesmannen minner om at sjølv om kravet til lagringstid er maksimalt 12 månader i avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 4 punkt 2, så er det krav i løyvet som gjeld for verksemda. Dersom Norsk Gjenvinning AS avd. Førde ønskjer maksimal lagringstid på 12 månader for alt farleg avfall, må de søke om endring av løyvet.

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensning og om avfall (ureiningslova) med underliggjande forskrifter
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)

10. Informasjon til verksemda
Regelverk som det vart informert om:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (ureiningslova)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)